Hva består det boligsosiale nettverket av? Spørsmålet kan være vanskelig nok. Man kan tenke seg en snever eller en vid forståelse av boligsosialt arbeid og forståelsen vil påvirke hvilken oppfatning man har av hvem som arbeider med boligsosialt arbeid. Kommunene måtte ta stilling til dette spørsmålet ved inngangen til prosjektet siden personene i nettverket skulle være informanter til spørreundersøkelsen ikke lenge etterpå. Kommunene fikk oppgitt funksjoner i det boligsosiale nettverket, basert på en helhetlig tenkning rundt boligsosialt arbeid, og skulle fylle disse med personer. Det tok en del tid for kommunene å ta stilling til hvem som tilhørte nettverket. Diskusjoner rundt dette i kommunene viser seg ofte å være nyttige.

Tabell 1 viser det som ble definert som det boligsosiale nettverket i kommunene.

	Ørland	Nærøy	Oppdal	Rissa	Volda
Økonomiske virkemidler/rådgivning	7	8	12	3	10
Tjenester i bolig	7	16	10	13	21
Tildeling av bolig	4	8	7	7	8
Husleiekontrakter	3	3	2	2	1
Utbygging	2	3	2	2	2
Framskaffe boliger	4	5	3	4	6
Arealplanlegging	2	4	3	2	1
Drift og vedlikehold	3	2	2	2	2
Boligsosial planlegging	3	4	5	3	5
Samfunnsplanlegging	2	4	4	4	5
Politisk folkevalgt	2	2	3	2	3
Totalt antall funksjoner	39	59	53	44	64
Totalt antall informanter/personer i nettverket	27	29	29	29	43

Resultatet i tallform står listet opp i tabell 1 og viser hvor mange i det boligsosiale nettverket som er definert eller selv definerte seg innenfor ulike funksjoner. Volda kommune definerte nettverket til å bestå av 43 personer, mens de andre kommunene lå mellom 27 og 29 personer. En god del av personene som ble inkludert i undersøkelsen hadde flere funksjoner i det boligsosiale arbeidet, noe differansen mellom totalt antall funksjoner og antall personer i nettverket viser. Vi ser av Tabell 1 ellers at det ikke er store forskjeller mellom kommunene i antallet innenfor de ulike funksjonene. Den største forskjellen mellom kommunene er knyttet til hvor mange som er definert inn under funksjonen økonomiske virkemidler/rådgivning. Mens Rissa kommune har tre personer med denne funksjonen har Oppdal hele 12 personer. Forskjeller under funksjonen «tjenester» tolker vi som forskjeller i hvor mange som er definert inn i nettverket.

STYRKER OG UTFORDRINGER I DET BOLIGSOSIALE ARBEIDET – GENERELT

Der det finnes møtepunkter for boligsosialt arbeid blir dette trukket fram som en styrke i det boligsosiale arbeidet. Enten det blir kalt en boligtildelingsgruppe, forvaltningskontor, tildelingskontor, beslutningsteam eller boligtildelingsnemnd, så er kommunene svært fornøyde med at det finnes *formelle fora for samordning* av det boligsosiale arbeidet. Informanter fra alle kommuner utenom Oppdal nevner dette. Oppdal har foreløpig ikke noe slikt forum.

Ellers trekker kommunene også fram at oversiktlige forhold og god lokalkunnskap påvirker det boligsosiale arbeidet i positiv retning.

Mangel på tilpassede boliger (av ulike slag) er den store utfordringen i kommunene. Alle kommunene trekker fram dette, og dette faller sammen med resultater fra andre undersøkelser. Ellers trekker flere av kommunene fram utfordringer knyttet til plan og strategi (Rissa og Oppdal), samarbeid og ansvarsavklaring (Ørland, Oppdal og delvis Nærøy) og til slutt oppfølging av brukere (Nærøy og Oppdal).


I flere av kommunene er synet på hva som er utfordringene varierende. Det kan komme av at man har liten felles forståelse av utfordringene i det boligsosiale arbeidet, men det kan også komme av at vi har bedt informantene si noe ut fra sitt ståsted. Det er verdt å merke seg at en utfordring ett sted i organisasjonen ikke nødvendigvis er en utfordring i andre deler av organisasjonen. Mer detaljer rundt dette vil komme fram i presentasjonen av hver enkelt kommune.

STATUS FOR SAMORDNINGEN AV DET BOLIGSOSIALE ARBEIDET I KOMMUNENE

Prosjektet har handlet om samhandling av boligsosialt arbeid. Tabell 2 viser gjennomsnittlig score på spørsmål om hvor godt informantene mener samordningen av det boligsosiale arbeidet i deres kommune fungerer. Volda og Rissa kommer best ut. Oppdal og Ørland kommer dårligst ut på dette spørsmålet.

Tabell 2: Gjennomsnittlig score i kommunene knyttet til status for samordning av det boligsosiale arbeidet. Svaralternativ fra 1 (= Svært dårlig) til 6 (= svært godt).

HVOR GODT MENER DU AT SAMORDNINGEN AV DET BOLIGSOSIALE ARBEIDET FUNGERER I DIN KOMMUNE?	
(Gjennomsnitt. «Vet ikke»- svar utelatt)	
Volda	4
Rissa	4
Nærøy	3,7
Ørland	2,9
Oppdal	2,7



Figur 7 Kommunenes svar på spørsmålet: «Hvor godt mener du at SAMORDNINGEN av det boligsosiale arbeidet fungerer i din kommune?» (Skala fra 1-6 der 1= svært dårlig, 6= svært godt).

Dersom vi går nærmere inn på svarene på dette spørsmålet kommer det fram noen interessante funn (Figur 7). Generelt er det ingen i noen av kommunene som mener at samordningen fungerer svært godt. Oppdal er den kommunen der informantene er mest entydig negative til samordningen i kommunen, mens i Ørland, som nesten har like lav gjennomsnittlig score, har mye større sprik i svarene. En del av de som svarer er forholdsvis fornøyd med samordningen, mens en god del er forholdsvis misfornøyd. Hva skyldes dette spriket i oppfatninger?

Når det gjelder de to kommunene med høyest gjennomsnitt skiller også disse seg forholdsvis mye fra hverandre. Mens de fleste er forholdsvis fornøyd med samordningen i Volda, har Rissa en spesielt høy vet-ikke kategori. Det er vanskelig å si hva denne er uttrykk for.

Nærøy kommune har, som vi skal se senere, mye kontakt innad i sitt boligsosiale nettverk. De er likevel bare delvis fornøyd med samordningen av arbeidet. Funnene reiser spørsmål om samordningen skjer på rett måte og med de rette personene, eller om all kontakten er resultat


av et mer usystematisk behov for å ordne ting på best mulig måte og dermed mer dreier seg om uavklarte ansvarsforhold.

DAGLIG OG UKENTLIG KONTAKT I KOMMUNENE


Nettverksbildene (Figur 8 - Figur 12) viser daglig og ukentlig kontakt mellom personer i det boligsosiale nettverket i prosjektkommunene. Vi ser klare forskjeller mellom kommunene. I Nærøy kommune ser det ut til at alle i nettverket har kontakt med hverandre daglig eller ukentlig (Figur 10). I Oppdal derimot ser ikke nettverket ut til å være like integrert og mange har ingen kontakt med andre om boligsosiale spørsmål i løpet av en uke (Figur 11).

Det er interessant å se Rissa og Volda opp mot hverandre (Figur 8 og Figur 9). De to ser ut til å ha et svært forskjellig kontaktmønster, mens de begge i gjennomsnitt er like fornøyde med samordningen av det boligsosiale arbeidet. Volda har generelt mye kontakt og er forholdsvis godt integrert på ukentlig basis, selv om vi klart ser tegn til to klynger bundet sammen med noen få brobyggere. I Rissa framstår nettverket som svært langstrakt med lang avstand fra den ene til den andre enden. Nettverket har også mange ledd mellom to klynger der den ene klyngen for det meste består av tekniske tjenester som plan, skaffe bolig, økonomiske virkemidler og utbygging i tillegg til politisk folkevalgt (rådhuset?), mens den andre klyngen består av tildeling og tjenester. Det er derfor noe overraskende at både Rissa og Volda skårer forholdsvis høyt når de skal vurdere samordning av egne boligsosiale tjenester. Kanskje kan denne lange kjeden og svært separate klynger være årsaken til at så mange svarer «vet ikke» i Rissa når de blir spurt om det boligsosiale arbeidet faktisk er godt samordnet? Eller kanskje fungerer samordningen såpass godt på månedlig basis at ytterligere kontakt ikke er nødvendig?


Ørland (Figur 11), som skårer forholdsvis lavt knyttet til samhandling, har også et noe langstrakt nettverk i tillegg til en helt separat klynge bestående i stor grad av økonomiske virkemidler og tildeling. Nettverket framstår som lite integrert på ukentlig basis og består av tre forholdsvis klare klynger med stjerneform. Vi ser også at brobyggerfunksjonene mellom rådhuset og tjenester/tildeling er fordelt på en kjede av fire mennesker, noe som skaper mange muligheter for informasjonssvikt.




Figur 8: Daglig og ukentlig kontakt mellom personer i det boligsosiale nettverket i Rissa kommune. Store røde sirkler markerer klynger, små røde sirkler markerer de viktigste brobyggerne på daglig og ukentlig basis.




Figur 9: Daglig og ukentlig kontakt mellom personer i det boligsosiale nettverket i Volda kommune. Store røde sirkler markerer klynger, små røde sirkler markerer de viktigste brobyggerne på daglig og ukentlig basis.



Figur 10: Daglig og ukentlig kontakt mellom personer i det boligsosiale nettverket i Nærøy kommune. Store røde sirkler markerer klynger, små røde sirkler markerer de viktigste brobyggerne på daglig og ukentlig basis.



Figur 11: Daglig og ukentlig kontakt mellom personer i det boligsosiale nettverket i Ørland kommune. Store røde sirkler markerer klynger, små røde sirkler markerer de viktigste brobyggerne på daglig og ukentlig basis.



Figur 12: Daglig og ukentlig kontakt mellom personer i det boligsosiale nettverket i Oppdal kommune. Små røde sirkler markerer de viktigste brobyggerne på daglig og ukentlig basis.

POLITISK FORANKRING AV DET BOLIGSOSIALE ARBEIDET

Vi har gjennom ulike prosjekter sett at det er til dels store motsetninger i holdninger og verdier i kommunene spesielt overfor de mest vanskeligstilte gruppene i boligsosial sammenheng. Samtidig ser det ut til at felles holdninger og verdier er grunnleggende for god samordning av boligsosiale tjenester. Kommuner som har klart å arbeide fram et felles verdigrunnlag og prinsipper for det boligsosiale arbeidet på tvers av ulike administrative enheter (og kulturer) og mellom politikk og administrasjon, klarer å få til gode løsninger for vanskeligstilte på boligmarkedet over tid (Yttredal, Bakke, Ouff, & Bergem, 2014).

Våre nettverksanalyser fra tidligere studier viser at graden av kontakt mellom administrasjonen, relevante politiske utvalg og politisk ledelse varierer mye i kommunene (Ouff & Yttredal, 2012; Ouff et al., 2010a; Yttredal, Bakke, Ouff, & Eikrem, 2014). Samtidig vet vi at administrasjonen i mange tilfeller opplever at politikerne ikke forstår det boligsosiale arbeidet inn mot de vanskeligst stilte gruppene (Yttredal, Bakke, Ouff, & Bergem, 2014).

Politisk forankring er dermed tema her fordi:


- Politisk forankring av boligsosialt arbeid er viktig for å få gjennomslag for dette arbeidet
- Vi ser at forholdet mellom politikk og administrasjon ofte er en utfordring i kommunene
- Kommuner som får til det boligsosiale arbeidet har også en god politisk forankring av dette
- Erfaringer fra kommunene viser at det er lett å hoppe bukk over problemstillingen

Figur 13 til Figur 17 viser hvem i det boligsosiale nettverket som har kontakt med det politiske miljøet om boligsosiale spørsmål. «Det politiske miljøet» er her utvalg med ansvar for boligsosiale spørsmål, formannskap, kommunestyre og/eller ordfører. Figur 13 til Figur 17 viser også typer kontakt med det politiske miljøet: Får informasjon, gir informasjon, politisk diskusjon eller faglig diskusjon.


Det er viktig å ta forbehold knyttet til disse nettverksbildene. De som ikke har svart på undersøkelsen vil ikke være representert i bildet. Det vil si at personer som er sentrale for kontakten mellom administrasjon og politikere kan ha falt ut.

Alle kommunene i dette prosjektet ser ut til å ha middels bred politisk kontakt. Hovedinntrykket fra undersøkelsen bekrefter imidlertid inntrykket fra andre kommuner: *Det er rådhuset som gir rådhuset og politikerne informasjon*. Personer som innehar funksjoner som samfunnsplan/arealplan, boligsosial plan eller utbygging og drift er de som har mest kontakt med det politiske miljøet i kommunene. Personer som jobber i tjenestene ser på den annen side ut som de har mer begrenset politisk kontakt.


Det ser også ut til å være *lite eller ingen faglig eller politisk diskusjon* av boligsosiale tema mellom politikere og administrasjon. Slike diskusjoner har i kommuner som har kommet langt i boligsosialt arbeid, hatt betydning for å utvikle felles verdier og holdninger. Noe som igjen er et viktig fundament for å forbedre samordningen av det boligsosiale arbeidet og for gjennomføring av boligsosiale tiltak.




Figur 13: Graden av og type kontakt mellom administrasjon og formannskap, ordfører og kommunestyre i Oppdal kommune. Type kontakt «gir informasjon» er ringet inn med rødt




Figur 14: Graden av og type kontakt mellom administrasjon og Helse- og sosialutvalget, formannskap, ordfører og kommunestyre i Nærøy kommune. Type kontakt «gir informasjon» er ringet inn med rødt.



Figur 15: Graden av og type kontakt mellom administrasjon og Hovedutvalg helse og omsorg, formannskap, ordfører og kommunestyre i Rissa kommune. Type kontakt «gir informasjon» er ringet inn med rødt.



Figur 16: Graden av og type kontakt mellom administrasjon og formannskap, ordfører og kommunestyre i Volda kommune. Type kontakt «gir informasjon» er ringet inn med rødt.



Figur 17: Graden av og type kontakt mellom administrasjon og formannskap, Komité helse og velferd, ordfører og kommunestyre i Ørland kommune. Type kontakt «gir informasjon» er ringet inn med rødt.

VOLDA KOMMUNE

Spørjeundersøkinga i Volda kommune vart gjennomført frå desember 2014 til byrjinga av januar 2015. Nettverket av deltakarar i bustadsosialt arbeid i kommunen blei vurdert til å bestå av 43 personar. 24 av 43 personar svarte på undersøkinga.

Analyse av resultatata blei gjennomført i januar og diskutert i arbeidsmøte mellom Møreforsking og Volda kommune 10. februar 2015. Utvalde resultat blir presentert og kommentert under. Til resultatata følgjer også med arbeidsspørsmål til bruk som grunnlag for vidare diskusjon. Kommunen har i tillegg til denne rapporten fått tilsendt PowerPoint-presentasjonen som vart nytta i kommunemøtet og referat frå idédugnad og arbeidsgruppa sitt arbeid under det same møtet. Alt materialet kan nyttast i det vidare arbeidet. Referat frå idédugnad og arbeidsgruppa sitt arbeid i kommunemøtet ligg også ved som vedlegg i denne rapporten.

STYRKAR OG UTFORDRINGAR I DET BUSTADSOSIALE ARBEIDET

Alle kommunane vart spurde om kva som var dei oppfatta som dei to viktigaste styrkene i det bustadsosiale arbeidet i deira kommune. Volda kommune var den kommunen som hadde dei mest eintydige svara. Hovudpunkta er lista opp under (21 svar) .

Brei semje om at dei viktigaste styrkane var knytt til:

- Arbeid i tildelingskontoret
- Auka samarbeid gjennom tildelingsnemnda (og elles), men kan betrast og inkludere fleire

Desse punkta vart også nemnt av fleire:

- Auka fokus og kompetanse
- Tydeleg ansvar
- Prosjekt frå midlertidig til varig bustad
- Organisering mot private utleigarar

Også nemnt: Tilgjengelege, dyktige folk i tenestene, felles forståing, fokus på bemanna omsorgsbustader, leiar eignedmskontoret, mange kommunale bustader, nye rutinar.

Også på spørsmål knytt til kva som er dei viktigaste utfordringane er svara i Volda kommune svært eintydige (22 svar):

- Viktigast: Mangel på tilpassa bustad. Nemnt er:
 - Avlastningsbustad
 - Til funksjonshemma
 - Til rus og ROP
 - Generell bustadtilgang
 - Døgnbemanna tilbod til rus
 - Mindre bustadar som brukarar kan eige

- Nye bustadar
- Til barnefamiljar
- Samlokalisering av barnefamiljar og rus
- Små bustadar

Fleire nemnte:

- Gjennomstrøyming i kommunale bustadar
- Koordinering

Også nemnt: Ansvar andrelinetenesta, bustadplan, NIMBY (Not in my backyard), felles forståing og fokus)

Respondentane vart også spurde meir spesifikt om kva dei såg på som dei to største utfordringane knytt til samordning av det bustadsosiale arbeidet. Når spørsmåla blir meir spesifikke, dett mange av dei som svarar av og berre 12 av dei 24 svarde på dette spørsmålet.

Viktigaste utfordringar ved samordning:


- Generelt er samordninga mykje betre grunna:
 - Tildelingskontor
 - Tildelingsnemnd
 - Gjennomgang av ansvar og rutinar
- Samordning på tvers av sektorar og avdelingar er framleis ei utfordring
 - Samordning mellom strategisk og operativt nivå
 - Eigedom, tildeling og tenestene sit fysisk langt frå kvarandre
 - Bli betre på å sjå bustad og tenester i bustad i samanheng
 - Samordning mellom tildeling, vedlikehald og utkasting
 - Brukarar må oppsøkje ulike einingar og avdelingar
- Tilbod betre tilpassa behov
- Politisk forankring og felles forståing

Når det gjeld utfordringar knytt til ansvarsavklaring (8 svar), verkar det som det er stor tilslutning til noverande modell med ansvar ute i einingane, men det vert påpeika at:

- Ingen har ansvar for koordinering og samordning (utover tildelingsmøte) og at det er behov for dette
- Eigedomsavdelinga har ansvar for å skaffe bustader, men det fungerer ikkje slik i praksis. Til dømes står ikkje eigedomsavdelinga for leige på det private marknaden
- Ansvar for å skaffe midlertidige bustader, og kva dette ansvaret inneber
- Tildelt ansvar vert ikkje følgt opp. Kanskje for stort ansvar på enkelte av tenestene
- Skulle hatt klarare liner med meir dialog
- Utfordringar med å sjå dei ulike tenestene i ein heilskap
- Avklaring i forhold til andrelinetenesta

Dei tilsette i det bustadsosiale nettverket vart bedne om å gi seg sjølv karakter knytt til samordning av det bustadsosiale arbeidet. På ein skala frå 1-6 der 1 er svært dårleg og 6 er svært

godt, var det mange som var rimeleg godt nøgde, slik det går fram av figuren under. Gjennomsnittet for alle svara er 4.



Figur 1 viser kva respondentane svarte på spørsmålet: «Hvor godt mener du at samordningen av det boligsosiale arbeidet fungerer i din kommune? (Skala frå 1-6 der 1= svært dårlig, 6= svært godt).


Det er verdt å ha dette i bakhovudet når vi no skal sjå nærare på det bustadsosiale nettverket i kommunen.

SOSIAL NETTVERKSANALYSE (SNA)


Alle funksjonar i det bustadsosiale arbeidet er dekt gjennom nettverksanalysen. Dei som ikkje har svart, kan likevel vere del av undersøkinga ved at andre har oppgitt kontakt med dei. Vi har i desse tilfella definert funksjonar for dei som ikkje har svart (24 av 43 svar). Det er verdt å merke seg at tilsette i nettverket kan ha lagt ulikt innhald i funksjonane. For nærare introduksjon til nettverksanalyse og lesing av nettverksbilete, sjå kapittelet «Spørreundersøkelse med nettverksanalyse».

Tabell 3: Forkortingar for funksjonar i nettverksbileta.


Forkorting funksjon	Funksjon og forklaring
Tildeling	Tildeling av bolig
Utbygging	Utbygging
Tjenester	Ulike former for tjenester ytt i bolig (som det å lære å bo, hjelp til praktiske gjøremål, hjemmehjelp o.l.)
Boligsosial plan	Boligsosial planlegging
Drift	Drift og vedlikehold av bygg
Politisk folkevalgt	Politisk folkevalgt
Øk. virkemidler	Økonomiske virkemidler og rådgivning
Husleiekontrakt	Husleiekontrakt
Samfunnsplan	Samfunnsplanlegging
Arealplan	Arealplanlegging
Skaffe bolig	Framskaffelse av boliger



Figur 18: Dagleg kontakt mellom ulike personar og funksjonar i det bustadsosiale nettverket i Volda kommune.



Figur 19: Dagleg og vekentleg kontakt mellom ulike funksjonar i det bustadsosiale nettverket i Volda kommune. Den store røde sirkelen viser den tettast samanvevde klynga. Dei små raude rundingane viser personar som er viktige for kontakt mellom grupper av menneske – brubyggjarar.



Figur 20: Dagleg, vekentleg og månadleg kontakt mellom ulike funksjonar i det bustadsosiale nettverket i Volda kommune. Den vesle raude sirkelen viser personar som er viktige for kontakt mellom grupper av menneske – brubyggjarar.

KOMMENTARAR TIL NETTVERKSBILETA

Nettverksbileta viser personane sine funksjonar i det bustadsosiale arbeidet .

På dagleg basis (Figur 18) er kontakten knytt til bustadsosialt arbeid konsentrert om ei stor klynge med fire satellittar av ulik storleik og med ulike funksjonar. Den store klynga (omsorgssenteret?) består av svært mange personar som arbeider tett ilag på dagleg basis. Mange av desse utfører tenester til brukarar. Nokre kombinerer tenestene med andre funksjonar som økonomiske verkemiddel og rådgjeving, tildeling eller bustadsosial plan. Berre ein person i denne klynga arbeider ikkje med tenester ut mot brukarane.

Dei fire satellittane har noko ulike funksjonar. To av desse består av personar med tenestefunksjonar eller nært knytt til desse. Ein satellitt består av to personar som arbeider med økonomiske verkemiddel og den siste (nedst i biletet) består av personar som i stor grad driv med utbygging, drift og arealplanlegging.

På *vekebasis* er nettverket forholdsvis godt integrert, sett i forhold til andre kommunar. Det vil seie at mange personar er knytt til nettverket og berre tre av personane har ikkje kontakt med andre på vekebasis.

Vi ser likevel i Figur 19 at det er to forholdsvis separate klynger. Den eine knytt til omsorgssenteret (?) (ringa inn med rødt) består i hovudsak av tenester, verkemiddel og tildeling. Denne har fått fleire personar knytt til seg. Den andre klynga (til venstre (rådhuset?)) består i hovudsak av planleggjarar og politisk folkevalde, noko som kan gjere at informasjonstilfanget kan vere svært forskjellig i dei to klyngene. Klynga til venstre har ein klar stjerneform og kontakten med omsorgssenteret er avhengig av to personar (ringa inn med rødt). Eit slikt kontaktmønster gjer samordninga sårbar og kan også gjere at utveksling av informasjon mellom dei to klyngene vert selektiv.

På *månadleg basis* ser det ut til at nettverket er svært godt integrert, men likevel med ein klar nøkkelperson (ringa inn med rødt).

Ein *brubbyggjar* er ein person som fungerer som mellomledd mellom andre i nettverket. På nettverksbileta er dei viktigaste brubbyggjarane ringa inn med rødt. Sterke brubbyggjarar kan bidra både positivt og negativt i nettverket. Dei kan bidra til økt informasjons- og kunnskapsflyt mellom aktørane i nettverket gjennom å koordinere og vidareformidle, eller dei kan fungere som «proppar» i nettverket som hindrar flyt og kontakt.

VURDERING OG ARBEIDSSPØRSMÅL TIL DISKUSJON

Det finst ikkje eit ideelt nettverksmønster. God samhandling er avhengig av kontekst og gode kontaktmønster følgjer ikkje nødvendigvis prinsippet «dess meir, dess betre». Nettverksbileta gir dermed ikkje grunnlag for å seie om dette mønsteret er rett eller galt, men dei gir eit utgangspunkt for å diskutere korleis ein kan forbetre samordninga av bustadsosialt arbeid. *På generelt grunnlag vil vi likevel seie noko meir utfyllande om kontaktmønsteret.*

Det ser ut til at personane i det bustadsosiale nettverket har forholdsvis mykje kontakt og dette kan vere ein styrkje. Vi tolkar det slik at den store klynga med tilsette som har kontakt på dagleg

basis er forma av at det er mange personar og funksjonar samlokaliserte i omsorgssenteret, der også tildelingskontoret ligg. Ein slik samlokalisering lettar hyppig og uformell kontakt. Utfordringa med denne sterke klynga er at nokre tenester og funksjonar vert liggjande som satellittar i nettverket. Spesielt tydeleg ser vi dette på biletet som viser dagleg kontakt, men vi kan også sjå det i biletet for kontakt kvar veke. Det har også kome fram i andre delar av undersøkinga at enkeltpersonar og funksjonar treng meir kontakt med andre i nettverket.


Nettverksbileta indikerer også at kontakten mellom dei som arbeider direkte mot brukarane og dei som arbeider med meir overordna spørsmål knytt til planlegging er svært sårbar og moglegvis av for dårleg kvalitet. På dagleg basis og vekebasis er denne kontakten avhengig av ein person, og også på månadsbasis ser planleggjarane ut til å vere av dei som er minst integrerte i det bustadsosiale nettverket. Dersom ein ser desse funna i samanheng med anna informasjon i undersøkinga og elles i prosjektet ser det ut som det er behov for å styrkje samarbeidet mellom dei som arbeider med tenestene og dei som arbeider med meir overordna planlegging og strategi, eller sagt på ein annan måte, dei som arbeider på operativt og strategisk nivå.

Ut frå framstillinga i førre avsnitt stiller vi nokre spørsmål til diskusjon i det vidare arbeidet:

- Kjenner de att kontaktmønsteret vist i Figur 18 til Figur 20? Kva verkar i tilfelle ukjent, eller feil?
- Kva er svakheitene ved kontaktmønsteret? Og styrkene?
- Kva rolle spelar «klyngene» i det daglege arbeidet? Korleis påverkar desse klyngene samordninga av det bustadsosiale arbeidet?
- Kva skjer i overgangen frå dagleg kontakt til kontakt kvar veke (funksjonar og roller)? Korleis påverkar dette samordninga av det bustadsosiale arbeidet?
- Kva skjer i overgangen frå kontakt kvar veke til månadleg kontakt? Korleis påverkar dette samordninga av det bustadsosiale arbeidet?
- Er kontakten tilfredstillande mellom dei som arbeider på strategisk nivå og dei som arbeider ute i tenestene? Viss ikkje, korleis kan den styrkjast?
- Korleis sikre god og nok kontakt mellom dei som ser ut som satellittar i nettverket og andre delar av nettverket?
- Kva formelle og uformelle arenaer dannar grunnlag for kontakten på dagleg, veke- og månadsbasis?
- Korleis fungerer brubygginga mellom dei ulike personane, funksjonane og einingane? Trengst andre tiltak? Burde andre (også) ha ein slik funksjon?

MEIR OM FORMELLE MØTEPUNKT

Formelle møtepunkt har vist seg å vere positivt for samordninga av det bustadsosiale arbeidet. Som nemnt tidlegare er personane i det bustadsosiale nettverket i Volda kommune svært nøgde med tildelingskontoret og tildelingsnemnda. Det ser også ut til at ein del ansvarsavklaringar har fungert. Dette går igjen i heile datamaterialet og nettverksbileta viser også eit omfattande kontaktmønster rundt tildelingskontoret på omsorgssenteret.




Figur 21 viser kor einige respondentane er i utsegna: «Min kommune har gode formelle møtepunkter for diskusjon av boligsosiale spørsmål.» (Absolutte tal.)

Det er likevel rom for forbetringar, noko Figur 21 viser. Eit stort fleirtal av dei som har svart er delvis einige i at Volda kommune har gode formelle møtepunkt for bustadsosialt arbeid. Det er likevel slik at heile sju personar ikkje kan svare på spørsmålet. Det går også fram av undersøkinga, både gjennom grunngjeving til dette spørsmålet og på andre måtar, at møteplassane treng ein gjennomgang på fleire måtar: 1. Det ser ikkje ut til at alle som treng å vere inkludert på møtestadane er representerte. Nemnt er dei som har ansvar for økonomiske verkemiddel, flyktningar, økonomi og tekniske saker. 2. Det vert etterlyst ein møtestad for leiarar 3. Det vert etterlyst både ansvarsavklaring og møtestad for diskusjon av meir overordna og heilskaplege bustadsosiale spørsmål. 4. Det vert nemnt, og kjem også fram av avisoppslag siste åra, at det trengst meir heilskapleg tenking rundt naboproblematikk.


FORANKRING AV DET BUSTADSOSIALE ARBEIDET I VOLDA

Generelt gir dei opne spørsmåla inntrykk av at det i Volda dei seinare åra har blitt meir fokus på bustadsosialt arbeid. Med dette som bakgrunn ser respondentar i spørjeundersøkinga på desse områda framleis som dei viktigaste utfordringane knytt til slik fokus (10 svar):


- Viktig at politikarar og dei som har ansvar for bustadplanlegging ser verdien i små bustader
- Det er behov for meir heilskapleg arbeid
- Det er behov for ei eining med ansvar for å koordinere og faste treffpunkt for tilsette som arbeider med bustadsosiale tenester
- Stor forskjell i kva ein forstår med bustadsosialt arbeid
- Det må setjast av ressursar til å skape fokus på det bustadsosiale arbeidet
- Det trengst kapasitet på strategiske ressursar og operasjonell drift
- Det er behov for meir openheit om utfordringar og behov
- Alle avdelingar tar ansvar og jobbar aktivt med si brukargruppe. Det er ikkje eit arbeid som kan leggjast til tildelingskontoret




Figur 22: Kontakt mellom respondentane og formannskapet om bustadsosiale spørsmål. Ingen kontakt til venstre. (N=23)



Figur 23: Kontakt mellom respondentane og kommunestyret om bustadsosiale spørsmål. Ingen kontakt til venstre. (N=20)



Figur 24: Kontakt mellom respondentane og ordførar om bustadsosiale spørsmål. Ingen kontakt til venstre. (N=23)



Figur 25: All kontakt om bustadsosiale spørsmål. mellom respondentane og det politiske miljøet representert ved ordførar, formannskap og kommunestyret. Dei som ikkje har nokon form for politisk kontakt med desse fora, er lista opp til venstre (N=24).

UTDJUPANDE KOMMENTARAR TIL NETTVERKSBILETA

Figur 22 til Figur 25 viser kven i Volda kommune som har kontakt med det politiske miljøet om bustadsosiale spørsmål. Kontakten er knytt til formannskap, kommunestyre og ordførar. Type kontakt er definert til å gi eller få informasjon og politisk eller fagleg diskusjon. Sjølv sagt er det mogleg å ha politiske kontaktar også på andre måtar, men bileta seier likevel noko om dei formelle strukturane på dette området. 24 personar har svart på spørsmåla og berre dei er representerte på nettverksbileta. All kontakt mellom andre personar og det politiske miljøet vil dermed falle vekk.

Forholdsvis mange (12) har *kontakt inn mot formannskapet* (Figur 22). Dei som har kontakt representerer også eit forholdsvis breitt knippe av funksjonar. Typen kontakt mellom formannskapet og administrasjonen er likevel avgrensa til å gi og få informasjon. Ingen opplyser at dei har faglege diskusjonar med formannskapet om bustadsosiale spørsmål. Og berre ein person opplyser at han eller ho har politiske diskusjonar med formannskapet.

11 personar har *kontakt inn mot kommunestyret* (Figur 23). Også desse representerer eit forholdsvis breitt knippe av funksjonar. Kontakten er i stor grad avgrensa til å gi og få informasjon.

Noko færre (9 personar) opplyser at dei har *kontakt med ordførar* (Figur 24). Dei som har kontakt med ordførar ser også ut til å representere eit noko snevrare tilfang av funksjonar.

Totalt (Figur 25) ser vi at 15 av 24 personar som har svart på dette spørsmålet har kontakt anten med formannskap, kommunestyre og/eller ordførar. Kontakten er dermed forholdsvis brei. Dersom vi går nærare inn på kven som har kontakt ser vi at Volda også har ei forholdsvis brei fagleg kontaktflate inn mot det politiske miljøet. Både dei bustadsosiale tenestene, planleggjarar, dei som skaffar bustad og dei som har med økonomiske virkemiddel å gjere har kontakt.

Når det gjeld type kontakt skil Volda seg ikkje frå andre kommunar. Stort sett dreier kontakten mellom politikk og administrasjon seg om å gi og få informasjon. I liten grad dreier det seg om faglege eller politiske diskusjonar.

VURDERINGAR OG SPØRSMÅL TIL DISKUSJON

Det finst ikkje eit idealmønster for samhandling mellom politikk og administrasjon, men det finst i alle organisasjonar rom for forbetringar. Erfaringar frå andre kommunar viser, som peikt på tidlegare, at felles verdigrunnlag er viktig for å utvikle eit godt bustadsosialt tilbod. Vi veit også at bustadsosialt arbeid er eit møte mellom ulike måtar å arbeide på og ulike tankesett i organisasjonen. Ut frå dette ser vi det derfor som føremålstenleg at mange ulike funksjonar og delar av organisasjonen har kontakt med det politiske miljøet. Vi ser det også som ein fordel dersom kvaliteten på kontakten går djupare enn utveksling av informasjon.

I Volda har forholdsvis mange tilgang til det politiske miljøet og det er eit forholdsvis breitt tilfang av funksjonar som har politisk kontakt. Dette kan bidra til at både politikarar og administrasjon har eit breitt tilfang av informasjon. Eventuelle hol i informasjonsflyten er vanskeleg å avdekke ut frå nettverksbileta. Det er likevel tendensar til at dei tekniske og

strategiske tenestene har større tilgang til det politiske miljøet enn dei «mjukare» helse- og omsorgstenestene.

Vi ser også at kommunen, som dei fleste andre kommunar, ikkje nyttar formelle møte til diskusjonar kring fag og politikk mellom administrasjon og politikarar. Med dette kan ein gå glipp av moglegheiter til å utvikle felles forståing av utfordringane.

Med denne bakgrunnen meiner vi derfor det kan vere grunn til å ta opp desse spørsmåla til diskusjon i kommunen:

- I kva grad er kontakten mellom administrasjon og politikarar omfattande nok?
- I kva grad er kontakten mellom politikk og administrasjon av rett kvalitet?
- I kva grad har dei rette personane kontaktar inn mot det politiske miljøet?
- På kva måte kan ein styrkje utvekslinga av faglege synspunkt og vurderingar?
- På kva måte kan ein gjennom ei heilskapleg tilnærming utvikle eit felles verdigrunnlag knytt til bustadsosialt arbeid?

INNSPEL FRÅ IDÉDUGNAD OG GRUPPEARBEID

Idédugnad og gruppearbeid under kommunemøta gav mange innspel til det vidare arbeidet for å forbetre det bustadsosiale arbeidet. Gruppearbeida hadde to tema: 1. Kva tiltak kan Volda kommune gjere for å betre koordineringa av det bustadsosiale arbeidet (inkludert mellom politikk, administrasjon og i forhold til eksterne partar)? 2. Kva tiltak må til for å løyse utfordringar knytt til tilpassa bustadar? Alle innspela som var skrivne ned er noterte i referat frå idédugnad 10. februar som ligg som vedlegg til denne rapporten.

Innspela tok, grovt sett, opp desse temaa knytt til *spørsmål ein om tiltak for å betre koordinering*:

8. Bustadsosialt arbeid som tema på formannskaps- og leiarmøte.
9. Utvikling av koordinerande eining for bustadsosialt arbeid. Oppretthalde tildelingsnemnd, tildelingskontor og koordinerande eining
10. Etablere eit nytt partnarskapsforum
11. Arbeid med og informasjon om bustadsosial plan
12. Læringsarena for bustadsosialt arbeid
13. Arbeid med bustadar
14. Leiging og ansvarleggjering

Elles vart også nemnt arbeid for gode bumiljø og kopling til folkehelseperspektivet.

Det kom også inn mange konkrete innspel knytt til å løyse utfordringar knytt til tilpassa bustadar. Desse kjem fram i vedlegget.

VEDLEGG 1: REFERAT FRÅ IDÉDUGNAD

BUSTADSOSIALT ARBEID VOLDA

Referat frå idédugnadar i møte 10. februar, 2015

12 deltakarar. Møreforskning ved Else Ragni Yttredal

Momenta i referatet er direkte avskrift av gule lappar som vart produserte under idédugnaden. Referent Else Ragni Yttredal.

KVA TILTAK KAN VOLDA KOMMUNE GJERE FOR Å BETRE KOORDINERINGA AV DET BUSTADSOSIALE ARBEIDET (INKLUDERT MELLOM POLITIKK, ADMINISTRASJON OG I FORHOLD TIL EKSTERNE PARTAR)?

Innspel frå møtedeltakarar (Sortering under tema er truleg ikkje heilt den same som gruppene gjorde. Det var vanskeleg å tolke heilt grupperingane ut frå idéarka):

GRUPPE 1

Formannskap og leiarmøte

- Årleg tema i formannskapet
- Tema formannskap
- Open diskusjon i formannskap
- Tema på leiarmøte og drift/formannskap

Koordinerande eining

- Koordinerande person/eining
- Prosess for å avklare kven som skal ha ansvar for koordinering
- Formelle møter
- Felles bustadkontor. Økonomiske virkemiddel er med
- Husbanken inn i tildelingsnemnda
- Få med Husbanken på tildelingsmøte
- Representant frå tildelingsnemnda delta i planmøtet to gongar i året

Nytt partnerskapsforum

- Etablere partnerskapsforum
 - Tenesta
 - Brukarrepresentantar
 - Privat næringsliv (bustadbransjen)

Bustadsosial plan

- Betre info ut i avd. om bustadsosial plan
- Definisjon av bustadsosial plan

Diverse

- Fast stilling tildeling
- Arbeide for gode bumiljø (naboskap)
- Kople til folkehelseperspektivet – kunnskap om å bu fører til betre livskvalitet

GRUPPE 2

Tidelingsnemnd og tidelingskontor

- Oppretthalde stillinga til Malene
- Oppretthalde tidelingsnemnda

Andre møteplassar/læringsarenaer

- Eigne forum for bustadsosiale spørsmål og saker
- Få fram gode case – Lære av kvarandre
- Faste møtefora – ulike nivå
- Meir samhandling mellom tenestene (informasjonsutveksling)

Bustadar

- Skaffe areal og bidra til å bygge billige bustadar
- Definere brukarar
- Eige ikkje leige
- Fleire modellar
 - Leige før eige
 - Housing first
 - Leigeforhold
- Vedlikehald av eigedom
- Mål om rullering/Gjennomstrøyming i kommunale bustadar

Leiing og ansvarleggjering

- Leiing
- Leiarforankring arbeidet ... kven deltek
- Ryddige avtalar. Tidsavgrensa.
- Utfordre politisk leiing på kva bustadsosial politikk Volda kommune skal føre
- Ansvarleggjere koordinerande eining/f.person
- Verdiforankring i organisasjonen
- Adm/pol. – drøfting info./fagleg

Planlegging

- Gjere bustadsosial handlingsplan betre kjent i org.

Forsøk på å gjere prioriteringar langs aksane å ha lyst/ikkje lyst og stor/liten betyding førte til at dei aller fleste tiltaka vart vurderte som av stor betyding og at deltakarane hadde lyst å ta tak i det. Altså ein svært motivert gjeng!

KVA TILTAK MÅ TIL FOR Å LØYSE UTFORDRINGAR KNYTT TIL TILPASSA BUSTADER?

GRUPPE 1

Punkt 1

- Jobbe opp mot private utbyggjarar
- Selje grunn til private for småhus
- Samarbeid med private utbyggjarar
- Samarbeid planavd./pol./Adm./boligutvikling
- Betre planarbeid ifht. Utbygging av kommunal grunn

Punkt 2

- Bygge om kommunal bustad til v.v.
- Sanere Smalebakken

Punkt 3

- Seksjoner bustad PU for leige til eige
- Bygge «småhus» tilpassa bustadar til ulike brukargrupper

Overordna

- Ta tilbake sosialtenesta

Utdjuping av moment over

I samanheng:

- Bustadsosial plan
- Politisk forankring
- Forankring i kommuneplan og eventuelt andre viktige planer
- Arbeidsgruppe
- Lyse ut anbod
 - Småhus/blokk/leilegheit
 - Eige før leige
 - Moment: eige før leige, tilpassa bustad v.v. type teneste, gjennomstrømming. Sanere Smalebakken, småhus og familie

GRUPPE 2

Punkt 1

Etter kvarandre i tid:

- Definere behov, finne kva behova er
- Gjennomgang av dagens bustadmasse
 - Typar
 - Tal
 - Plassering
 - Kven bur i dei
- Vedlikehald og ombygging av eksisterande bustadar (ombygging: Røyslida)
- Gjennomstrøyming av/i kommunale bustader

Punkt 2

Etter kvarandre i tid:

- Vurdere muligheter for ombygging, tilpassing, riving, nybygg m.v.
- Utnytte Husbanken sine verkemiddel betre. Til dømes fullfinansiering og lengre løpetid
- Vedlikehald/ombygging av kommunale bustader
- Omgjering av eksisterande bustader

Punkt 3

- Kontakt mot private næringsdrivande
- Frå leige til eige
- Rutinar «Privat leigebustad»
- Bruk av private utleigebustader
- Frå tildelingskontor til boligkontor
- Sal: Nybråtet – seksjonering m.v.

REFERANSAR

- Bergem, R., Yttredal, E. R., & Hanche-Olsen, M. S. (2012). *Fundamentet er lagt. Evaluering av boligsosialt utviklingsprogram. Delrapport 2011*. (Rapport nr. 25). Volda: Møreforskning Volda
- Departementene. (2014). *Bolig for velferd. Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014–2020)*. Oslo: Departementene
- Dyb, E., & Johannessen, K. (2009). *Bostedsløse i Norge 2008 - en kartlegging* (NIBR-rapport 2009:17). Oslo: NIBR.
- Dyb, E., & Johannessen, K. (2013). *Bostedsløse i Norge 2012 - en kartlegging* (NIBR-rapport 2013:5). Oslo: NIBR.
- Langsether, Å., & Sandlie, H. C. (2010). *Boligsosiale utfordringer og løsningern. En forstudie til Boligsosialt utviklingsprogram i Lørenskog kommune*. (Notat nr. 8/2010). Oslo: NOVA - Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Langsether, Å., Sørvoll, J., & Hansen, T. (2008). *Fragmentert og koordinert. Organisering av boligsosialt arbeid i norske kommuner*. (Rapport 18/08: NOVA - Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- NOU 2011:15 Kommunal- og regionaldepartementet. *Rom for alle. En sosial boligpolitikk for framtiden*. . (978-82-583-1107-9). Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning
- Ouff, S. M., & Yttredal, E. R. (2012). *Boligsosialt arbeid og planlegging II*. (Notat 1/2012). Volda.
- Ouff, S. M., Yttredal, E. R., & Hanche-Dalseth, M. (2010a). *Boligsosialt arbeid og planlegging* (Rapport nr. 22). Volda: Møreforskning.
- Ouff, S. M., Yttredal, E. R., & Hanche-Dalseth, M. S. (2010b). *Boligsosialt arbeid og planlegging*. Volda: Møreforskning.
- Rambøll (2010a). *Bærum kommune. Foranalyse av boligsosiale utfordringer*. (Sluttrapport). Oslo: Rambøll.
- Rambøll (2010b). *Lillehammer kommune. Foranalyse boligsosialt arbeid*. (Sluttrapport). Oslo: Rambøll.
- Riksrevisjonen. (2007-2008). *Riksrevisjonens undersøkelse av tilbudet til de vanskeligstilte på boligmarkedet*.
- Sørvoll, J. (2011). Den boligsosiale vendingen. Norsk boligpolitikk fra midten av 1990-tallet i historisk perspektiv. . I *Vedlegg i NOU 2011:15: Rom for alle. En sosial boligpolitikk for framtiden*. (s. 171-180). Oslo: Departementenes servicesenter. Informasjonsforvaltning. .
- Ulfrstad, L.-M. (2011). *Velferd og bolig. Om boligsosialt (sam-) arbeid*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Yttredal, E. R., Bakke, G. K., Ouff, S. M., & Bergem, R. (2014). *Eit spørsmål om verdier, tillit og fleksibilitet. Samordning av bustadsosiale tenester for menneske med samtidig rusliding og psykisk lidning* (Rapport nr. 55/14). Volda: Møreforskning.
- Yttredal, E. R., Bakke, G. K., Ouff, S. M., & Eikrem, M. (2014). *Boligsosialt arbeid og organisering. Et utviklingsprosjekt for kommuner med utfordringer i å koordinere det boligsosiale arbeidet*. (Notat 4/14). Volda: Møreforskning.
- Yttredal, E. R., Bergem, R., Bakke, G. K., & Ouff, S. M. (2014). *Mot ein modell for verdibasert matriseleiiing. Erfaringar frå arbeid knytt til koordinering av bustadsosialt arbeid i kommunane*. (Notat nr 5/2014). Volda: Møreforskning volda.

Yttredal, E. R., Ouff, S. M., & Hanche-Olsen, M. S. (2013). *Om å ha to fugler i hånden samtidig. Evaluering av boligsosialt utviklingsprogram. Sluttrapport.* (Rapport nr. 35: Møreforskning Volda.



MØREFORSKING

MØREFORSKING AS
Postboks 5075
NO-6021 Ålesund
TEL +47 70 11 16 00
epost@mfaa.no
www.moreforsk.no
NO 991 436 502

